



Marshall McLuhan (1911-1980) holder et af sine berømte kveldsseminar ved Universitetet i Toronto, Centre for Culture and Technology i 1973. (Foto: University of Toronto Archives og Robert Landsale, fotograf).

FORUM

Mediet er budskapen:

Historia om digitale medium slik Marshall McLuhan ville fortalt den



Lars Nyre
Professor i medievitskap
Universitetet i Bergen

Med inspirasjon frå Marshall McLuhan forklarar Lars Nyre korleis digital teknologi har påverka livet vårt med media dei siste 30 åra. Nyre har nyleg gitt ut læreboka *Teknologi. Ei teoretisk innføring*.¹

Marshall McLuhan (1911–1980) var en kanadisk professor i litteratur og kommunikasjon ved Universitetet i Toronto. Han var ein av dei første akademikarane som tok massemedium på alvor. Eg legg vekt på boka *Understanding Media* frå 1964.²

Livet med internett må forståast som den foreløpig siste fasen i ei medieutvikling som kjem til å fortsetja så lenge det finst menneske på jorda. Her vil eg gi eit overordna perspektiv på korleis internett og digitale teknologiar har forandra offentlegheita, med ei tolking av heile mediehistoria inspirert av Marshall McLuhan.

Den fremste lærdommen frå McLuhan er at måten menneska kommuniserer på, blir meir og meir teknologisk styrt opp gjennom historia. Tekniske krefter bestemmer korleis menneska uttrykker seg, og korleis me koplar oss til kvarandre. Dette kjem berre til å fortsetja i framtida, mest truleg med god hjelp frå kunstig intelligens.

Medium

Men først ein definisjon. Begrepet *medium* kjem frå latin og betyr «i midten». Et medium er et nettverk av teknologiar som blir plasserte mellom menneske og gjer at me kan kommunisera med kvarandre på den måten teknologien gjer det mogeleg. Oppkoplinga kan vera sentralisert, desentralisert eller distribuert, og ytringane kan skje med skrift, lyd, bilete og video i ulike kombinasjonar. Kvart eit medium opnar for visse koplingar og ytringsformer og stenger samtidig for andre.

Mediehistorisk Tidsskrift nr. 44, 2024, årgang 22, s. 114-121, publisert november 2025.

Artikkelen finnes også som del av hele utgaven av Mediehistorisk Tidsskrift nr. 02, 2024,

url: https://medietidsskrift.no/wp-content/uploads/2025/11/NMF-tidsskrift-02_2024.pdf

Artikkelen publiseres under lisensen Creative Commons CC BY-NC 4.0.



Figur 1: Frå venstre: Eit nettverk kan vera sentralisert, desentralisert eller distribuert. Illustrasjon: Atle Skorstad.³

Eg skal gå gjennom fem epokar:

- munnlegheit
- skrift
- radio og fjernsyn
- internett
- kunstig intelligens

Det er lett å undervurdere den teknologiske dimensjonen ved eit medium, også for mediehistorikarar. Det er fordi teknologiar utviklar seg ved å tilpassa seg våre behov, omtrent slik evolusjonen sørger for at dyra tilpassar seg miljøet sitt. Media tilpassar seg til våre behov fordi det aukar sjansen deira til å veksa og bli livskraftige. Alle teknologiar prøver å auka effektiviteten i det dei gjer, slik at dei skal kunna fungera så godt som mogeleg så lenge som mogeleg. Mediehistorikarar bør difor ta teknologiske forhold på alvor.

Mediet er budskapen

Mediet er budskapen, seier McLuhan, og mediets budskap er den forandringa i skala, tempo og mønster det introduserer i det sosiale livet. Og desse endringane skjer med kroppen og persepsjonen vår helt uavhengig av kor i verda mediet finst, eller kva slags budskap personar formidlar gjennom det.

Media utgjør et livsmiljø for menneska, seier McLuhan. Kvart nytt medium gir oss eit nytt sanseleg rammeverk for den sosiale omgangen med kvarandre. Vi kroppsleggjer media, og dei er difor tekniske forlengingar av oss sjølve.

I 1920-åra vart radiomediet introdusert i heimane til folk, og dette skapte store endringar i kvardagslivet. Då strøymde det ut livemusikk frå ein ny teknologi som blei kalla ein «høgtalar». Folk kunne engasjera seg i trimprogram, danseprogram og hobbyprogram. Radioen fekk folk til å etablere nye aktivitetar i liva sine, og dei blei kjende med nye stemmer frå NRK på Marienlyst og andre stasjonar i inn- og utland. Desse nye kommunikasjonsformene var veldig sosiale, og dei var spesielt viktige for folk som følte seg einsame og åleine.

McLuhan seier at ein ny medieteknologi bygger om forholdet mellom sansane våre utan at det er

mogeleg for oss å gjera motstand. Skrifter krev lesing, og radioen krev lytting. Utviklinga i det tekniske livsmiljøet kviler ikkje på godkjenning frå dei som lever i det.

Det er viktig å understreka at det alltid er enkeltmennesket som blir påverka av endringane i ytringsformer og oppkopling. Det er våre individuelle kroppar og personlegdommar som forandrar seg, og det skjer i ulikt tempo ut frå mange faktorar – slik som alder, utdanning og haldningar. Person er eit eldgammalt ord som også betyr rolle eller maske. På latin er *persōna* den «rolla» du spelar i livet eller i ei forteljing. Då blir det lettare å forstå korleis kommunikasjonen kan bli meir og meir teknologisk. Det er fyrst og fremst måten me utøver roller overfor kvarandre på, som blir prega.

Munnlegheit

I mesteparten av historia har folk ytra seg utan skrift og utan tekniske oppkoplingar. Dette livsmiljøet kan kallast den primære munnlegheita, seier Walter Ong,⁴ som er inspirert av McLuhans teoriar. Det munnlege har funnest sidan steinalderen og har prega livet til vanlege folk langt inn i historisk tid. I munnlege kulturar kan det utvikla seg allslags nettverksforbindelsar ut frå forskjellige maktforhold, geografi og kulturelle faktorar. Det finst ingen teknologiar som bestemmer oppkoplinga.

Talen er sjølvstendig den viktigaste ytringsforma i slike livsmiljø. Talen inkluderer også tonefall, ansiktsuttrykk, gestar og den tilsvarande responsen frå dei andre som deltek i kommunikasjonen. Sidan talen blir skapt av stemmene våre, er han grunnleggjande flyktig. Han forsvinn i same sekundet som han blir ytra, og det er berre dersom folk er fysisk nær kvarandre, at dei kan kommunisera med kvarandre. Livsmiljøet er intimt, og dermed svært følsamt for kjensler og diverse mikrososiale forhold. Kunnskapen til folk bestod av det dei opplevde der og då, og det dei var i stand til å kalla fram frå hukommelsen.

Skrift

Ei lang historisk utvikling gjorde at skriftlege nettverk byrja å supplera munnlegheita. Dei som deltok i skriftleg kommunikasjon, uttrykte seg og kopla seg til kvarandre på ein heilt ny måte.

Skrifter fungerte utan nokon kroppslege ytringar. Ho reduserte den livlege lyden av stemmer til tause symbol på ei tavle eller eit pergament. Språket kunne kuttast opp i bitar og settast saman på nytt. Ingen-ting skaper avstand mellom menneske så effektivt som skrifter. Skrivaren er heilt utilgjengeleg for lesaren, og lesaren er heilt utilgjengeleg for skrivaren.


Skrift formidlar mellom personar ved hjelp av desentraliserte, einvegsretta nettverk. Det finst ulike sentrale punkt som kommunikasjonen strålar ut frå, og det kan vera forfattaren av ei bok eller journalistar i ei avis. Bibelen var ein veldig stor sentral.

Livsmiljøet blei forandra. Skriftlege tekstar fekk ein egen autoritet fordi dei ikkje kan motseiast. Same kva lesaren meiner, fortset teksten å seia det same som før. Ved å vera fjerna frå livsverda til menneska på denne måten får skrift veldig lang haldbarheit. Tekstar kan takast fram og lesast i uendeleg mange samanhengar av eit nærmast uavgrensa antal lesarar. Tekstar får sterk autoritet som formidlar av sanning. Redaksjonelle medium veks fram i dette livsmiljøet.

Radio og fjernsyn

Utviklinga av elektriske teknologiar førte til eit nytt livsmiljø som Marshall McLuhan kallar den globale landsbyen. Radioen gjorde at folk kunne ytra seg med tale og musikk inne i folk sine private heimar. Ytringane minner om den primære munnlegheita, men er reduserte til rein lyd, og det er ingen interaksjon mellom partane. Kommunikasjonen hadde aldri før vore så teknologisk metta.

Radioen og fjernsynet skapar eit totalt engasjement i notida, i det som skjer akkurat no, seier McLuhan.



Marshall McLuhan (1911-1980). (Foto: University of Toronto Archives og Robert Landsale, fotograf).

Folk deltok djupt og inderleg i den elektroniske landsbyen dei var kopla opp til. Dei delte alle forteljingar og nyheiter med kvarandre, og snakka om det same på skulen eller kontoret. Det blei nesten umogeleg å innta den distanserte rolla som skrifta hadde dyrka fram.

Autoriteten til den informasjonen som blei formidla i radio og fjernsyn, var likevel minst like sterk som i skriftas tidsalder. Hugs at kommunikasjonen no også vart meir einvegsstyrt enn nokon gong før. I eit sentralisert nettverk er jo ingen personar kopla til kvarandre, men alle er kopla til ein sentral der utvalde personar er tilgjengelege. Det kan vera nyheitsopplesaren på radio og verten i eit talkshow på laurdagskvelden.

Og fjernsynets kommunikasjon var ekstremt personorientert. TV-apparatet sto midt i stova, og dermed kunne skjermen og høgtalaren fylla det private livet (i Noreg) med personaen til Erik Bye og andre kjendisar. Den som opptredde, trong ikkje å framheva seg sjølv med dramatisk stemme eller store kroppsbevegelesar, men kunne uttrykka seg omtrent slik folk eller gjorde. Livsmiljøet blei sterkt prega av den kroppslege framferda til fråverande personar, seier McLuhan. Dette blir også kalla «para-sosial interaksjon».⁵

Internett

Med framveksten av internett forandra livsmiljøet seg igjen. Personane kunne uttrykka seg med alle dei tidlegare ytringsformene, det vil seia skrift, bilete, tale og levande bilete. Dei kunne styra ytringane sine

heilt sjølve, frå den same heimen der radioen og fjernsynet hadde stått.

Internett er nemleg eit distribuert nettverk der kvar person er kopla saman med alle dei andre personane, i staden for å vera kopla til ein stor sentral eller nokre få mindre sentralar slik som i dei andre nettverka. Det er full interaktiv fridom og dermed stort rom for individualistisk åtferd.

Teknologiane har eit evolusjonært trekk som gjer at dei alltid innrettar seg mot det som er mest effektivt for ytterlegare vekst, og internett er eit langt steg framover samanlikna med radio og fjernsyn. Ytringane som blir formidla gjennom datanettverka, er valde ut med algoritmar som brukar informasjon om våre personlege preferansar til å gi oss innhald i den forma og med dei folka som me likar best. Internett skapar ikkje fellesskap, men opplevingar som passar best mogeleg for kvar av oss heilt åtskilt frå kvarandre. Det finst ingen sentral instans som bestemmer korleis personar blir kopla opp, og autoriteten til menneskelege aktørar som var sentrale i tidlegare nettverk, blir difor svekte. Dette gjeld særleg for dei redaksjonelle media og den kvalitetssikra informasjonen deira.

Internett går djupare inn i livet vårt enn alle tidlegare nettverk. Me får teknologiar mellom oss og andre menneske i så godt som alle situasjonar. Me blir eksponerte for kvarandre på veldig intime måtar, men samtidig er me på trygg avstand frå kvarandre. Me forventar stadig meir av teknologiane me brukar, og stadig mindre frå personane me kommuniserer med.

Kunstig intelligens

Folk har levd gjennom mange sosiale endringar sidan radioen kom i 1920-åra, men så langt har det alltid handla om at me kan kopla oss til andre personar på nye måtar. Kunstig intelligens blir sjølv ein person for oss og er såleis ein langt meir menneskeleg teknologi enn høgtalaren og fjernsynsskjermen.

I framtida vil teknologiane ikkje lenger berre formidla mellom menneske, men sjølve utgjera personar som me kan kommunisera med. No er det ikkje lenger snakk om at teknologien formidlar mellom menneske, men at han erstattar menneske.

Me lever no i eit livsmiljø der teknologiske krefter supplerer menneska i rolla som venner og kjærastar. Me står overfor kunstige personar som kommuniserer med oss omtrent som dei var ekte personar, og me utviklar oppriktige forhold til dei. Dette er det naturlege neste skrittet i ei utvikling som plasserer meir og meir teknologi mellom enkeltmenneska.

Framtidas teknologiske personar er under utvikling her og no. ChatGPT formidlar ytringane sine i både skrift, tale og snart også video, og han kan inngå i djupe og inderlege samtalar med enkeltmennesket. Me trener opp slike teknologiar til å forstå dei emosjonelle behova våre, og snart vil me få like sterk identifikasjon med dei som me hadde med Erik Bye og andre levande personar me opplevde på fjernsyn og i sosiale medium før i tida.

Dermed blir nettverket sentralisert igjen. Personane koplar seg ikkje til kvarandre, men til ein kraftfull datasentral som lagar ulike personar til kvar av oss. Slike kunstige personar gir oss ei kjensle av at dei høyrer etter og forstår oss, og dei er mykje meir tolmodige enn levande menneske. Me knytter oss heilt naturleg til dei som venner, lærarar og autoritetar når det gjeld kva som er viktig og sant.

Slike teknologiar veit alt om menneska, og dei er laga for å trykka på alle våre knappar for engasjement og identifikasjon. Men kommunikasjonen går i realiteten berre ein veg, og såleis blir me kopla opp til sentraliserte nettverk igjen.

Kunstige personar

Eg avsluttar med nokre spekulative scenario for korleis framtidas livsmiljø vil kunna bli.

Kunstige *journalistar* er tekniske agentar som kan overta funksjonen til ekte journalistar, forskarar og

historikarar. Kunstig intelligens pregar vår oppleving av verkelegheita, og den kan påverka oss til å forstå den betre enn før eller gjera oss meir forvirra. Me kan bli så vane med unøyaktig informasjon at me blir lette offer for falske nyheiter og annan manipulasjon. Me kan også læra meir enn nokosinne viss nokon lagar gode KI-teknologiar.

Kunstige *advokatar* overtek for menneskelege ekspertar. KI-tenester utfører tolkingar av informasjon utan bidrag frå menneskelege ekspertar. Me brukar denne informasjonen til å ta avgjerande val rundt juridiske, økonomiske eller helsemessige forhold. Tolkingar som tidlegare blei utførte av høgt utdanna ekspertar mot eit solid honorar, blir no utførte av kunstig intelligens. Viss KI-advokaten gir deg dårlege råd som du likevel stolar på fordi du ikkje veit betre sjølv, så mistar du både tid og pengar. Viss han fungerer godt, vil han ta jobbane frå ekspertar som var heilt avgjerande for samfunnet tidlegare. Etter kvart vil det sikkert bli like dyrt å bruka KI-advokaten som den menneskelege advokaten.

Kunstige *psykologar* er personaliserte og passar difor perfekt til personlegdommen din. Dialogen du har med ein slik teknologi, blir laga ut frå enorme mengder psykologisk forskning og terapeutiske råd, og du får akkurat dei svara som passar for dine psykologiske problem. Jo meir informasjon den kunstige psykologen får om livet ditt og dei personlege preferansane dine, jo betre er han i stand til å gi deg innspel som du er mottakeleg for. Han er tilgjengeleg for deg tjuefire timar i døgnet, og han gir deg hjelp heilt utan bidrag frå andre menneske.

Kunstige *venner* kan byggast ut frå profilar som ligg klare på ein datasentral, og du kan gi dei ulike personlegdommar ut frå det som passar for deg. Ein ekte venn er ein du kan dela alt med. De kan kjefta på kvarandre, krangla dramatisk og bli venner igjen. Alt dette kan programmerast inn i den kunstige vennen. Ein kunstig venn vil dessutan vera veldig tolmodig med deg og høyra godt etter når du snakkar. Han vil aldri gløyma noko du har sagt, og følgjer deg opp nesten som ein psykolog. Du vil stola meir og meir på han, og føla sterkare band til han enn til menneske rundt deg. KI-vennen vil kunna vera ein betre venn for deg enn ekte menneske.

Mennesket er budskapet

Dette var historia om digitale medium slik Marshall McLuhan ville fortalt ho. Det gjekk fort i svingane, og mange nyansar forsvann slik dei alltid gjer i McLuhan sine resonnement.

Men hovudpoenget er enkelt. Mediet er budskapet! Media er alltid tekniske forlengingar av oss sjølve, og difor er dei også eit livsmiljø for oss. Mediehistoria er ei historie om personar som ytrar seg på skiftande måtar i stadig meir teknologitunge nettverk ettersom tida går. Media utviklar seg ved å tilpassa seg våre behov for sosial omgang, omtrent slik evolusjonen sørger for at dyra tilpassar seg miljøet sitt.

Media tilpassar seg til våre behov fordi dette aukar sjansen deira til å veksa og bli livskraftige. Alle teknologiar prøver å auka effektiviteten i det dei gjer, slik at dei skal kunna fungera så godt som mogeleg så lenge som mogeleg. Sidan vi menneske er fullstendig oppslukte av oss sjølve, vil medieteknologiane forma seg rundt dette engasjementet. Me er både Echo og Narcissus. Så lenge teknologien klarar å fora oss med vår fascinasjon av oss sjølve, vil han utvikla seg vidare med full kraft. Slik sett kunne McLuhan like gjerne sagt at mennesket er budskapet.

Noter

- 1 Nyre 2024
- 2 Utgangspunktet for dette essayet er eit foredrag Nyre heldt på Mediehistorisk forening sitt seminar «Tapt idyll? 30 år med nettaviser i Norge», 6. mars 2025.
- 3 Basert på Baran 1964
- 4 Ong 1982
- 5 Horton og Wohl 1956

Litteratur

- Baran, P. (1964). «On Distributed Communication Networks» i IEEE Transactions of the Professional Technical Group on Communications Systems, 12(1).
- Horton, D. & Wohl, R. (1956). «Mass Communication and Para-Social Interaction: Observations on Intimacy at a Distance». *Psychiatry* 19: 215–229.
- McLuhan, M. [1964] (1994). *Understanding Media. The Extensions of Man*. Cambridge, US: MIT Press.
- Nyre, L. (2024). *Teknologi – en teoretisk innføring*. Universitetsforlaget.
- Ong, W. (1982). *Orality and Literacy. The Technologizing of the Word*. London: Routledge.
- Turkle, S. (2012). *Alone Together: Why We Expect More from Technology and Less from Each Other*. New York: Basic Books.